



**YTRE SOGN:** Jentene vinkar farvel til folket i Eivindvik. Foto: Anine Vieth Mildestveit

**SUNNIVASE-GLAS:** Dina Øien (f.v.), Elisabeth Osdal, Sunniva Aadland Hoen og Victoria Lid frå Os i sine middelalderkostyme. Foto: Anine Vieth Mildestveit

# – Eg er ein annan person no enn då eg begynte på reisa



Victoria Lid (15) frå Os er ei av fire jenter som førre veke segla i St Sunnivas «fotspor» frå Selje til Bergen.

►Anne Marie Aarøen Vangsnæs  
anne-marie@osogfusa.no

– Kor er vi hen? Korsov vi i natt?

15-åringen hadde stått opp og lagt seg på nye plassar kvar dag sidan laurdag då me prata med ho før helga.

Då Os & Fusaposten fekk tak i henne på telefon, måtte ho spørja dei andre i båten om kor dei var hen.

– Vi starta frå Austrheim i dag tidleg (fredag) og no er vi på veg mot Lygra.

Victoria tilhører den ortodokse kyrkja i Bergen. Av dei tre andre jentene er éi katolikk og dei to andre lutheranarar.

– Det har vore veldig fint å vera på tur. Eg gruar meg alt til å byrja på skulen igjen, fortalte Victoria fredag. Ho går i tiande klasse på Os ungdomsskule.

## Jubileum for Sunniva

Seglasen markerte at det er 850 år sidan skrinet med relikviane etter Vestlandets skytshelgen, Sankta Sunniva, vart frakta frå Selje til Bergen. Samt 950-årsjubileet til Bjørgvin bispedøme.

Turen var eit samarbeid mellom ei rad kystkommunar, fylkeskommunen og andre aktørar med Bjørgvin bispedøme og kystkultur. Inntil i spissen.

Reisa føregjekk for det meste i opne båtar og jente skifta båt fleire gonger undervegs.

Veret varierte frå strålande sol til au-kande vind og regn i løpet av natt til torsdag. Under jentenes middelalderkostyme, som bestod av linkjole, skinnbelte, struphatter og kapper, hadde dei heldigvis gore-tex sko, ullundertøy og vindtette kle.

– Og så hadde eg på meg redningsvest, ler ho.

Litt sjøsjuke og reisesjuketabellar blei det undervegs, men Victoria greidde seg fint.

– Men eg trur bakken kjem til å gyngja under meg i ei veke etter at turen er over.

## Pilgrimsreise

Laurdag la dei til kai i Bergen etter å ha gjort fleire strandhogg langs vestlands-

kysten, møtt menneske og delteke på gudstenester og bønesamlingar.

– Det var jo ei pilgrimsferd. Ei ytterre reise, ja, men også ei reise i mitt indre, forklarer Victoria.

– Eg har fått tid til å tenkja og oppdaga at «åja, det er slik eg er».

Anine Vieth Mildestveit frå Bjørgvin bispedøme var med som vaksenleiar på turen og vart konsekvent omtalt som «mamma» av jentene. Ho er rørt over det spesielle samhaldet som har oppstått og alt dei har fått oppleve undervegs.

– Her om dagen då vi gjekk og tusla på kaien i Eivindvik, sa Victoria til meg: «Eg er ein annan person no enn då vi begynte på reisa». Snakk om gullsitat, seier Anine med klump i halsen.

## Sterkt jentefellesskap

– Kvifor var det ingen gutter med på turen?

– Det skulle vera ungdomar, men det er tilfeldig at det berre vart jenter, forklarer Victoria.

– Men sidan jenter i denne alderen er modnare enn gutter, er eg glad for at det vart ein dametut. Det bandet vi jentene har fått, er utruleg sterkt. Og med tanke på at Sunniva er Noregs einaste kvinnelege helgen, passar det jo fint, ler ho.



**OSELVAR:** Ein lokal roklubb stilte med ein staseleg oselvar. – Men det var dårleg med framdrifta, ler Victoria. Foto: Anine Vieth Mildestveit



**SKIFTANDE VER:** Godt å kunna søkja ly i kahytten då regnet kom. Foto: Anine Vieth Mildestveit



**SKIFTANDE VER:** Godt å kunna søkja ly i kahytten då regnet kom. Foto: Anine Vieth Mildestveit

## Kjersti Toppe i møte med Bjørnafjorden Senterparti: - Covid-19 har vist kor sårbare vi er



**FEKK BESØK:** Varaordførar Mikal Leigland og resten av partigruppa i Bjørnafjorden Sp fekk storfint besøk tysdag. Foto: Dina Leirvåg

Tysdag hadde styret og parti-gruppa til Bjørnafjorden Sp møte i Fjorden Arena. Til møtet kom også Kjersti Toppe og Per Olaf Lundteigen.

► **Jostein Halland**  
jostein.halland@osogfusa.no

Kjersti Toppe sit som nestleiar i Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget.

– Hennar engasjement og kunnskap innan felta er eineståande. Å høyrja Toppe prata om arbeidet på Stortinget var gjevande, seier Dina Leirvåg i Bjørnafjorden Sp.

Toppe understreka viktigheten av ein betre beredskap og at Covid-19-pandemien har vist kor sårbare vi er.

– Vi er avhengige i Noreg av å få til ein større produksjon av legemiddel sjølv, slik at vi ikkje risikerer å gå tom. Vi må ha nasjonal produksjon av smittevernustyr og testutstyr.

Det er for usikkert å belaga seg på usikker import. I pandemien har vi sett kor viktig og tryggheitsskapande det er med gode lokalsjukehus, kommunehelsetjeneste og offentleg helsevesen, påpeika Toppe.

Per Olaf Lundteigen sit i Arbeids- og sosialkomiteen, og har 19 år bak seg på Stortinget. Han gav dei frammette ei innføring i arbeidet i komiteen i dag.

Lundteigen var oppteken av samanhengen mellom utdanning og arbeidsliv.

– Vi må løfta dei praktiske yrka. Ein effekt av auka bruk av praktiske fag i skulen vil vera at vi reduserer skilnaden mellom statusyrke og dei yrka med lågare status, sa Lundteigen.

Han prata også om stillingsprosentar og bruk av vikarbyrå.

– Vi var innom NAV-systemet og kor viktig det er at vi klarer å tilretteleggja godt - slik at personar med nedsett arbeidsevne får delta i arbeidslivet tilpassa deira evne og behov. Vi var også innom tema som landbruk, skogbruk, SIO og arealforvalting, fortel Leirvåg som legg til at «det er inspirerande å møta så erfarte politikarar som viser så stor glede over arbeidet sitt».